



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval</b>	Formannskapet
<b>Møtedato</b>	08.06.2017
<b>Møtestad</b>	Formannskapsalen , Rådhuset
<b>Møtetid</b>	17:00 – 22:00

Følgjande medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Hans Inge Myrvold	Varaordførar	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølv Ulvenes	Medlem	H
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Berth Harry Eliassen	Medlem	AP
Hilde Enstad	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Repr
Gerd Laura Bondhus	MEDL	SP

Følgjande varamedlemar møtte:

Navn	Vara for	Repr
Øyvind Lernes	Gerd Laura Bondhus	H
Gunnar Våge (til sak 2017/47)		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

### MERKNADER:

Orienteringar:

Ordførar orienterte om møter og hendingar sidan sist.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

KVINNHERAD KOMMUNE  
*felleskap og bårsel - utvikling og rekst*

2017/47 (Inkubator Ænes) – Leif Sverre Enes (H) og Øyvind Lernes (H).

Evt. endring på saksrekkefølgje:

1. Ekstra sak – Etablering av pådrivarselskap for Fjelbergsambandet

Tilleggssaker:

1. Etablering av pådrivarselskap for Fjelbergsambandet
2. Husnes gravplass. Utbygging/finansiering
3. Søknad om fritak – eigedomsskatt
4. Søknad om fritak – eigedomsskatt
5. Drøftingsnotat – oppretting av tverrpolitisk arbeidsutval

Drøfting frå rådmannen:

Prioritering av regionale kulturmidlar:

Formannskapet set opp følgjande prioriteringar:

1. Sunde kyst- og kultursogesenter
2. Skaaluren samlinga.

Jacobsen (Trelasthandel, Hatlestrand) ynskjer ein dialog om utbygging av byggefelt.

Formannskapet har ikkje merknad til at rådmannen går i tinginar med Hatlestrand Trelast. Det vert likevel lagt vekt på at tingingane skal vera utifrå prinsipp om å handsama alle i kommunen likt. Ein eventuell avtale skal leggast fram for formannskapet til godkjenning.

Lokale til Vaksenopplæringa:

Det er fire alternativ som er kommen fram som aktuelle lokaler; det er i Lonabrotet, ved Hellandsbrua, på Bognes eller Tofte skule.

Rådmannen forhandlar om lokale.

Drøftingsnotat frå ordførar:

Oppretting av tverrpolitisk arbeidsutval

I svar på interpellasjon frå representanten Gretha Rød (Ap) i kommunestyret 23.02.17 sa ordførar at ein ville sjå på oppretting av eit tverrpolitisk arbeidsutval som har som føremål å sikra betre involvering frå opposisjonen i kommunestyret i det daglege politiske arbeidet og i den politiske oppfølginga av det administrative arbeidet. Ordførar har etter dialog med Kommunenes Sentralforbund (KS) komme fram til følgande skisse for korleis eit slikt arbeidsutval kan fungera, og som ein no ber formannskapet drøfta om er grunnlag for å fremja sak til kommunestyret:

-Det vert oppretta eit arbeidsutval under formannskapet, der ordførar, varaordførar og ein representant frå opposisjonen (frå eit parti som ikkje er del av det valtekniske samarbeidet) vert medlemmer saman med rådmannen.

-Arbeidsutvalet sitt føremål er å sikra god informasjon til mindretallet i kommunestyret om pågåande politiske og administrative prosessar, og syta for at mindretallet er involvert i den politiske oppfølginga av rådmannen sitt arbeid.

-Arbeidutvalet skal ikkje delta i sakshandsaming.

-Arbeidsutvalet skal ikkje gripa inn i den daglege kontakten mellom ordførar og rådmann.

-Arbeidsutvalet vert i første omgang kalla inn ein gong kvar månad, og elles når situasjonen krever

KVINNHERAD KOMMUNE

felleskap og bårsel - utvikling og rekst

det.

-Ordførar kallar inn og sett opp sakliste i samråd med rådmann. Det skal førast referat frå møta.

-Som grunnlag for arbeidsutvalet sitt arbeid skal det utarbeidast retningsliner for utvalet sitt mandat og kva som kan og skal drøftast i utvalet.

-Arbeidsutvalet vert eit fora der rådmannen har høve til å orientera om tilhøve i administrasjonen som har innverknad på oppfølging av politiske vedtak.

For å sikra eit effektivt arbeidsutval ber ordføraren om at mindretalet vert samde om ein representant. Det kan velgast eit varamedlem frå mindretalet.

Notatet vart drøfta i formannskapet som konkluderte med følgjande:

Det er viktig å finna ein god måte for dialog.

Arbeidsmøte, der formannskap og gruppeleiar til dei partia som ikkje er representert i formannskapet deltar, har vist seg å vera nyttig.

## SAKLISTE

Saksnr	Innhald
	Refererte skriv
RS 2017/6	Fastsetjing av administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine geografiske driftseiningar og tenesteeiningar
PS 2017/39	Forslag til fordeling av midlar til særskilte miljøtiltak i jordbruket(SMIL) - 2017
PS 2017/40	Marint vern i Hordaland - Høyring av verneframlegg for tre kandidatområde: Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord - Uttale frå Kvinnherad kommune
PS 2017/41	Opprettning av arbeidsgruppe - eigarskapsmelding Kvinnherad Energi AS
PS 2017/42	Lokal forskrift for tildelinga av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarande bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Kvinnherad kommune
PS 2017/43	Tertiairrapport 1.tertial 2017
PS 2017/44	Revidert budsjett 2017
PS 2017/45	Økonomiplan 2018-2021
PS 2017/46	Vurdering av alternativ ombygging Aksen
PS 2017/47	Godkjenning av detaljreguleringsplan for deler av 64/1 med fleire - Ænes Inkubator - Ænes - Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS
PS 2017/48	Etablering av pådrivarselskap for Fjelbergsambandet
PS 2017/49	Husnes gravplass, Utbygging/finansiering.
PS 2017/50	Søknad om fritak - eigedomsskatt
PS 2017/51	Fritak eigedomsskatt Refererte skriv
RS 2017/5	Sakspapirer generalforsamling Norsk Bane - Sauda - 13.06.2017
RS 2017/7	Endra kontorstruktur i skatteetaten
RS 2017/8	Høyringsbrev - NOU 2017 2 Integrasjon og tillit

## **Refererte skriv**

**RS 2017/6 Fastsetjing av administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine geografiske driftseiningar og tenesteeiningar** **Fastsetjing av administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine geografiske driftseiningar og tenesteeiningar**

**PS 2017/39 Forslag til fordeling av midlar til særskilte miljøtiltak i jordbruket(SMIL) - 2017**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling vart samrøytes vedteken.

## **Vedtak frå Formannskapet den 08.06.2017**

*Formannskapet fordelar midlane til særskilte miljøtiltak i samsvar med framlagt forslag. Eksakt sum til kvar sokjar vert delegert til rådmannen å for dela i samsvar med saksutgreiinga.*

**PS 2017/40 Marint vern i Hordaland - Høyring av verneframlegg for tre kandidatområde: Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord - Uttale frå Kvinnherad kommune**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

**NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ MARIT ÅRTHUN:**

Kvinnherad kommune stiller seg positiv til vern av området ytre Hardangerfjord.

Akvakultur og fiske skal bli ivaretatt slik det er skissert i planframlegget.

**Røysting:** Nytt framsett forslag vart sett opp mot rådmannen i innstilling.

Rådmannen si innstilling fekk fleirtal med 8 røyster.

## **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

- Kvinnherad kommune vil ikkje tilrå vern av området Ytre Hardangerfjord slik det no ligg føre.
- Kvinnherad kommune forvaltar sjølv naturmangfaldet på ein god måte gjennom arealdelen til kommuneplanen, samt ved handsaming av einskildsaker gjennom ulike lovverk.
- Kvinnherad kommune ser stort potensiale for maritim næringsutvikling innanfor forslag til verneområde, samt potensielle område for framtidig tilknyting til E39, samt mellom E39 og E134.

**PS 2017/41 Opprettning av arbeidsgruppe - eigarskapsmelding Kvinnherad Energi AS**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling var samrøytes.

## **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

Det vert etablert ei politisk arbeidsgruppe for kvalitetsikring og oppfølging av eigarskapsmelding for Kvinnherad Energi As, samansett av:

- Ordførar
- Styret for Kvinnherad Energi
- Ein representant for kvar av partia som ikkje er representert i styret for Kvinnherad Energi (Framstegspartiet, Sosialistisk Fellesliste, Kristeleg Folkeparti, Venstre).
- Dagleg leiar i Kvinnherad Energi vert sekretær for arbeidsgruppa

-Rådmannen møter i gruppa som observatør

**Mandat for arbeidsgruppa:**

-Arbeidsgruppa skal vere orientert om rådmannen sitt arbeid med eigarskapsmeldinga og få fram tilstrekkeleg informasjon om endringar i vilkår, konsekvensar av endring og oversikt over pågåande endringar i bransjen. Arbeidsgruppa skal legga fram for kommunestyret eit tilstrekkeleg faktagrunnlag med klåre tilrådingar om strategiske vegval for Kvinnherad Energi. Arbeidsgruppa kan henta inn ekstern kompetanse til å bistå i arbeidet.

**PS 2017/42 Lokal forskrift for tildelinga av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Kvinnherad kommune**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Innstilling frå Levekårskomiteen var samrøystes.

**Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Kvinnherad kommune vert godkjent slik den ligg føre, med nytt punkt c under § 2-2.

Unntaksvis kan ein søker innvilgast langtidsopphald dersom søker har ektefelle/samboar som har fått langtidsopphald , og det er eit sterkt ønskje frå begge om å bu saman. Det er føresett at søker har trøng for andre omfattande omsorgstenester frå kommunen.

Forskrifta skal kunngjera i Norsk Lovtidend og trer i kraft frå 1. juli 2017.

**PS 2017/43 Tertialrapport 1.tertial 2017**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Utdelt på møte: siste tertialrapport, mai 2017.

Rådmann orienterte formannskapet.

Innstillinga vart samrøystes.

**Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

Kvinnherad kommunestyre tek tertialrapport 1. tertial til vitande.

**PS 2017/44 Revidert budsjett 2017**

**Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen gjekk gjennom budsjettet, og gjorde greie for det.

Innstillinga vart samrøystes.

**Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

Kvinnherad kommunestyre gjer følgjande tilleggsvedtak i høve budsjett for 2017.

1. Driftsbudsjett vert korrigert i høve denne tabell:

Auke i inntektsramma	kr 300 000,00	
Auke i ramma Stab / Leiing		kr 400 000,00
Auke i ramma til Kyrkja		kr 400 000,00
Auke i ramma Løn og personal		kr 700 000,00
Auke i ramma til seksjon kultur, næring og utvikling		kr 300 000,00
Auke i ramma til seksjon forvaltning		kr 60 000,00
Auke i ramma til sektor Omsorg, helse og sosial		kr 2 600 000,00
Auke i ramma til sektor Oppvekst		kr 600 000,00
Auke i ramma til sektor Teknikk og miljø		kr 2 100 000,00
SUM	kr 300 000,00	kr 7 160 000,00
SAMLA STYRKING	kr 6 860 000,00	

Inntektsida vert vert endra frå kr. 815.984.583,- til kr 822 844 583,00

Auken vert finansiert ved, kr. 6.860.000,- reduksjon av driftsfondet.

2. Investeringsprosjekt vert avslutta i samsvar med tabell 1
3. Investeringsbudsjett vert overført frå tidlegare år og vedteke for 2017 etter tabell 2
4. Samla investeringsoversikt etter tabell 3 vert teke til vitande.

Oversikt over avslutta rekneskap for investeringar for 2016 etter tabell 4 vert teke til.

## PS 2017/45 Økonomiplan 2018-2021

### Behandling i Formannskapet den 08.06.2017

Rådmann gjorde merksam på ein feil i saksutgreiinga:

I 3.avsnitt, skal fylgjande strykast:

Den ramma som ein no vedtek i ø-planen for 2017-2020 er kr. 803,4 mill. I budsjettet for 2017 som skal handsamast i desembermøtet vil ramma verta fordelt på desse områda.

#### NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HILDE ENSTAD, AP:

Nytt kulepunkt til 1.2, framlegg til prioritering sektor helse – omsorg og sosial.

- Søke eksterne midlar til ungdom utan arbeid. Kvinnherad kommune tar ansvar for å setje i gong prosjekt: «arbeid til ungdom utan arbeid»

Røysting: Rådmannen si innstilling, med tilleggspunkt frå Hilde Enstad, vart samrøystes.

### Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017

1. Vedlagte Økonomiplanen for 2018-2021 vert vedteken.
2. Investeringsbudsjettet for ø-planperioden vert vedteke i tråd med vedlagt Tabell 1

## **PS 2017/46 Vurdering av alternativ ombygging Aksen**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmann la fram oversikt over alternativ 1 og 2, og gjekk gjennom kostnader og innsparinger.

Rådmannen si innstilling vart vedteke med 8 mot 1 røyst (Sølv Ulvenes,H).

### **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

1. Gamle og nye Aksen blir utvikla, oppgradert og bygt om til eit moderne tenestesenter med mange funksjonar.
2. Utbygginga skal skje i to trinn.
3. Kostnaden med dette er samanlagt rekna til 85 million kroner eks. mva.
4. I investeringsbudsjettet blir låneopptaket auka med 15 millionar kroner i 2018 og 35 millionar i 2020.

## **PS 2017/47 Godkjenning av detaljreguleringsplan for deler av 64/1 med fleire - Ænes Inkubator - Ænes - Eide Fjordbruk AS og Lingalaks AS**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Inhabile: Leif Sverre Enes (grunneigar) og Øyvind Lernes (tilsett i Linga Laks).

Gunnar Våge (Sp) var vara i saka. 8 medlemmer under behandling/røysting.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

Kvinnherad kommunestyre godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §12-12 at forslag til detaljreguleringsplan for deler av 64/1 med fleire - Ænes Inkubator - Ænes, sist revidert den 26.05.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

## **PS 2017/48 Etablering av pådrivarselskap for Fjelbergsambandet**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling var samrøystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

1. Kvinnherad kommunestyre etabler eit pådrivarselskap for Fjelbergsambandet.
2. Det vert etablert eit interimstyre det Kvinnherad kommune foreslår at noverande arbeidsgruppe vert interimstyre. Dette føreset at Fjellberg bygdelag godkjenner dette.
3. Arbeidsgruppa sitt framlegg til statuttar for Fjelbergsambandet AS vert vedteke som grunnlag for interimstyret
4. Det vert løyvt kr 150.000,- til interimstyret som arbeidskapital. Dette vert å innarbeide revidert budsjett.

## **PS 2017/49 Husnes gravplass, Utbygging/finansiering.**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling var samråystes.

### **Innstilling frå Formannskapet den 08.06.2017**

1. Samla utviding av Husnes gravplass del 1 og del 2 med ei kostnadsramme på kr.23.890.372,- eks.mva. godkjennast. Dette er ein meirkostnad på kr.19.890.372,- eks mva. I forhold til avsette midlar i budsjett- og økonomiplan 2017- 2021.
2. Finansiering av meirutgifter på kr kr 19.890.372,- eks. mva. Samt mva for totale prosjektkostnader innarbeidast i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.

## **PS 2017/50 Søknad om fritak - eigedomsskatt**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling vart samråystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 08.06.2017**

*Søknaden vert avslått.*

## **PS 2017/51 Fritak eigedomsskatt**

### **Behandling i Formannskapet den 08.06.2017**

Rådmannen si innstilling vart samråystes vedteken.

### **Vedtak frå Formannskapet den 08.06.2017**

*Søknaden vert avslått.*

**Refererte skriv**

**RS 2017/5 Sakspapirer generalforsamling Norsk Bane - Sauda - 13.06.2017**

**Sakspapirer generalforsamling Norsk Bane - Sauda - 13.06.2017**

**RS 2017/7 Endra kontorstruktur i skatteetaten Endra kontorstruktur i  
skatteetaten**

**RS 2017/8 Høyringsbrev - NOU 2017 2 Integrasjon og tillit Høyringsbrev - NOU  
2017 2 Integrasjon og tillit**